



Det har vore straumlaust sidan laurdag kveld på Skorpo, her sett frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore straumlaust sidan laurdag kveld klokka 21 på Skorpo og Snilstveitøya og er det framleis måndag føremiddag.

Gerhard Myklebust i Kvinnherad Energi kan ikkje førebels seia noko bestemt om når straumen kan bli kopla inn att. Dei har enno ikkje funne feilen. Det er seks fastbuande på Skorpo.

Grunnen til det langvarige straumbrotet er sjølvsgagt det store snøfallet. Den tunge snøen har brote ned linjene på ein eller fleire plassar. Sundag var linjemannskap i arbeid heilt fram til klokka 8 utan å lokalisera feilen. Ved 11-tida i dag var det helikoptersynfaring for å lokalisera kritiske punkt og som eit resultat av synfaringa blir det ny innsats langs linjene.

Straumbrotet fører sjølvsgagt til store praktiske problem for oppsittarane og då ikkje minst for Ole Kristoffer Vågen som driv mjølkeproduksjon. Han har fått låne eit aggregat av Kvinnherad Energi, opplyser Gerhard Myklebust.

Johannes Hauge (75) bur åleine med dyra sine, men har heldigvis ikkje mjølkefe. Han seier til uskedalen.no at livet må gå sin gang tiltross for at straumen er vekke og legg til at dette ikkje er nokon uvant situasjon for han. Faktisk var han 20 år gamal før det kom straum til Skorpo. Men han innrømmer at han ventar på straumen og håpar at helikoptersynfaringa påskyndar prosessen.

Av Ola Matti Mathisen



Johannes Hauge var 20 år då det kom straum til Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)